

Framdriftsplan Fyresdal Frivilligsentral 2025.

Fyresdal Frivilligsentral skal halde fram med å drifte dei faste aktivitetane på Frivilligsentralen, Meinstad og Gardar.

Dagleg leiar skal jobbe for å styrke nettverkssamarbeide mellom Frivilligsentralane i Vest Telemark.

Dagleg leiar skal jobbe for å knyte sterkare samarbeid mellom og med dei frivillige laga og organisasjonane i Fyresdal.

Dagleg leiar skal jobbe for å ha eit godt samarbeid mellom etatane i Fyresdal kommune.

Aktivitetar som er planlagde, men avhengige av eksterne midlar som er søkt om:

Søkt støtte BufDir: Barn og unge ut i friluftslivaktivitetar 2025, 100 000 kr.

Sparebankstiftelsen DNB: Støtte til Freesbee golf anlegg 200 000 kr.

Gjensidigestiftelsen: støtte til sommar aktivitetar for barn og unge 2025, 112 000 kr.

Sparebankstiftelsen DNB: Søkt støtte til Stolpejakten 2025, 35 000 kr.

Skal søkje Gjensidigestiftelsen i september – sporleggar til å legg løyper i sentrum. 100 000 kr.

Arbeid som er i gang våren 2025.

Drifta ved Frivilligsentralen, Gardar og Meinstad går som vanleg.

Den nye temaplanen om Kulturbygg, idrett og friluftsliv er ferdig, har vore på høyring og er klar for godkjenning i Kommunestyret.

Dagleg leiar er i gang med å, hente inn løyve frå grunneigarane, lage kart og rigge stolpar til Stolpejakten 2025. Vi har fått innvilga støtta frå Sparebankstiftelsen DNB.

Då dugnadsgjengen rundt joletreet på Høgenut ynskjer å «pensjonere dugnads folk til å rigge og ha ettersyn med joletreet på Høgenut. Har fått tre frivillige som er interesserte og villige til å ta over dugnaden: Aslak Momrak-Haugan, Gunhild Austjord og Kjell Ove Homme.

Planlegge arrangement i samband med Friluftslivets år 2025.

Jobbar for å få i stand eit arrangement kvar månad i 2025 under fana «Hele Norge bålet».

Joletrebrenning på Veum i januar.

februar bål med Badenymfene i Sauekro,

Bålkos i Hamaren med Turlaget i Mars,

Aktivitetsdag i Birtedalen med Birtedalen sti og løypelag i april,

Birtevatn rundt med Birtedalen sti- og løypelag i august.

I september, oktober, november og desember knyter bi Friluftslivets år opp mot dei nasjonale markeringane.

I september lagar vi til ulike arrangement i samband med Friluftslivets uke, med blant anna overnatting ute, soppens dag og bålmat frå ulike kulturar.

Planlegge og gjennomføre markering av verdsdagen for psykisk helse i november.

Planlegge og gjennomføre frivilligheita sin dag i desember

«Bruktbustipendet» dele ut overskotet til frivillige, frivillige lag og organisasjonar to gonger i året. Dette skjer gjennom søknader, og tildeling gjennom «Bruktbustipend styret».

Fyresdal frivilligsentral skal planlegge og gjennomføre gratis sommaraktivitetar for barn og unge i samarbeid med Fyresdal kommune og Fyresdal røde kors.